

19.12.2023

## Barneombudets innspel til handlingsplan for deltaking i kultur-, idretts- og friluftaktivitetar

Barneombudet takkar for moglegheita til å komme med innspel til handlingsplanen til regjeringa for auka deltaking i kultur- idretts- og friluftaktivitetar for barn og unge.

### Barns rettar må vere førande for handlingsplanen

I utarbeidinga av handlingsplanen må regjeringa sjå til at konsekvensane dei ulike tiltaka vi ha for barns rettar er kartlagde og vurderte. Dette inneber mellom anna at regjeringa er forplikta til å vurdere omsynet til barnets beste som eit grunnleggjande omsyn. Dersom regjeringa i handlingsplanen foreslår tiltak der andre omsyn enn det som er til barnets beste veier tyngre, må regjeringa sikre at det finst tilstrekkelege kompenserte tiltak som kan mildna situasjonen og som vil til å oppfylle barns interesser og behov i størst mogleg grad.

Forpliktinga til å vurdere kva som er til barns beste, inneber å sikre at barns rett til å bli høyrd er varetaken. Barn har etter barnekonvensjonen artikkel 12 rett til å bli høyrde om alle forhold som omhandlar dei, både som individ og som gruppe. Reell medverknad frå barn og unge er avgjerande for å identifisere faktiske barrierar for deltaking og for å utvikle eit fritids- og aktivitetstilbod som opplevast relevant for barn og unge som brukarar.

Barneombudet synest det er positivt at regjeringa i utarbeidinga av handlingsplanen legg til rette for medverknadsprosessar med barn og unge. Det er viktig at desse innspela blir brukte aktivt inn i handlingsplanen, slik at barna blir gitt reell innverknad.

### Barns rett til kvile, leik og fritid

Barn har etter FNs barnekonvensjon artikkel 31 rett til kvile og fritid, til å delta i leik og fritidsaktivitetar tilpassa deira alder, og til fritt å delta i kulturliv og kunstnarisk verksemd. Staten har ei plikt til å sikre at alle barn, utan diskriminering av noko slag, får retten oppfylt. Regjeringas handlingsplan er eit viktig verkemiddel for å sikre dette.

Kultur- og fritidsaktivitetar er viktig for at barn og unge opplever meistring, inkludering og fellesskap med jamaldra. FNs barnekomité har i fleire generelle kommentarar framheva barns rett til kvile, leik og fritid som avgjerande for barns utvikling, livskvalitet og for realisering av andre rettar.<sup>1</sup> I generell kommentar nr 20 (2016) om implementeringa av rettane til barn i ungdomstida framhevar barnekomiteen mellom anna at

*«Unge rett til hvile og fritid og til å engasjere seg og delta fritt i lek, fritids- og kunstneriske aktiviteter, både online og offline, er grunnleggjende for at de kan utforske identiteten sin, noe som*

---

<sup>1</sup> CRC/C/GC/17 avsnitt 8-12

Torggata 2-4,  
0181 Oslo

Postboks 8889  
Youngstorget,  
0028 Oslo

*lar ungdom utforske kulturen sin, skape nye kunstneriske uttrykk, stifte relasjonar og utvikle seg som mennesker. Fritid, rekreasjon og kunst gir unge en opplevelse av å være unike, en følelse som er grunnleggende for retten til menneskelig verdighet, optimal utvikling, ytringsfrihet, deltagelse og privatliv.»<sup>2</sup>*

Ei rekkje undersøkingar dei siste åra har likevel avdekt store skilnader i deltakinga til barn og unge, som følgje av mellom anna økonomi, etnisitet, kjønn, funksjonsevne, geografi og tilgang på informasjon.<sup>3</sup> FN's barnekomité tilrådde i 2018 at Noreg set særleg fokus på auka deltaking blant barn med avgrensa økonomiske midlar, barn med nedsett funksjonsevne, barn med minoritetsbakgrunn og barn frå isolerte trussamfunn, og at desse gruppene blir gitt betre tilgang til trygge, tilgjengelege, inkluderande rom for lek og rekreasjonsaktivitetar.<sup>4</sup>

#### Statlege verkemiddel for auka deltaking

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor har nyleg undersøkt korleis kommunane jobbar for å sikre at barn og unge blir inkludert i organiserte fritidsaktivitetar. I rapporten blir det framheva at familieøkonomi, finansiering og informasjon om tilbod, samt geografisk avstand er særleg utfordrande og til dels overlappande.<sup>5</sup>

I handlingsplanen bør regjeringa ha ei brei tilnærming til ulike barrierar og problematisere alle årsakene til utestenging, og korleis dei kan imøtegåast på best mogleg måte.

Eit viktig tiltak for ein inkluderande fritidspolitik er tilskotsordninga «Tilskot til å inkludere barn og unge». Ekspertgruppa om barn i fattige familiar har i utgreiinga si «Ein barndom for livet» påpeika at det er behov for meir forskning om korleis ulike barrierar for deltaking kan reduserast mest mogleg effektivt. Handlingsplanen bør etter Barneombodets syn imøtegå dette kunnskapsbehovet.

I den nemnde utgreiinga blir det òg framheva at den statlege innsatsen for å inkludere fleire barn og unge i fritidsaktivitetar ofte opplevast som kompleks og uforutsigbart for kommunane og av det frivillige. Dette blir òg løfta av Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor sin ovannemnde rapport, der fleire kommunar rapporterer at det kan opplevast som tungvint og kapasitetskrevjande å søkje på statlege tilskotsmidlar, og at uforutsigbar finansiering påverkar evna til å etablere og oppretthalde ulike tilbod.<sup>6</sup>

Ekspertgruppa om barn i fattige familiar meiner eit viktig tiltak for å betre denne situasjonen, er at den statlege finansieringsmodellen blir endra, ved at kommunane blir tildelte eit fast beløp for inkludering av barn og unge i fritidsaktivitetar, framfor å måtte søkje om midlar via tilskotsordninga. Barneombodet støttar dette forslaget. Sjølv om den statlege tilskotsordninga sikrar fleksibilitet, og er viktig for å gi eit fritidstilbod som opplevast relevant for barn og unge som brukarar, kan

---

<sup>2</sup> CRC/C/GC/20 avsnitt 75

<sup>3</sup> Se eks Bakken, A. (2019): «*Idrettens posisjon i ungdomstida. Hvem deltar, og hvem slutter i ungdomsidretten?*», Velferdsforskningsinstituttet NOVA; Jacobsen, S.E. m.fl. (2021): «*Sosial ulikhet i barn og unges deltagelse i organiserte fritidsaktiviteter*», Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor; Redd Barna (2021): «*Fritid for alle – uten fordommer*», Redd Barna; Røde Kors (2022): «*Når barn må være voksne*», Røde Kors

<sup>4</sup> CRC/C/NOR/CO/5-6 avsnitt 30

<sup>5</sup> Myksvoll, T. m.fl. (2023): «*Fritid for alle? Kommunal politikk for inkludering av barn og unge i organiserte fritidsaktiviteter*», Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor s. 16

<sup>6</sup> Ibid s. 23

Torggata 2-4,  
0181 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo

manglande kontinuitet i finansieringa vere til hinder for at kommunane utviklar eit heilskapleg og inkluderande tilbod til det beste for barn.

### Barneperspektivet i Nav må styrkjast

Ein av tre fattige barnefamiliar rapporterer at barna ikkje deltek i fritidsaktivitetar, samanlikna med om lag ein av fire i befolkninga samla sett.<sup>7</sup> Mange av disse barnefamiliane er av ulike årsaker i kontakt med Nav.

Ei rekkje undersøkingar viser at mange Nav-kontor ikkje varetek barns behov godt nok når foreldre søker om økonomisk stønad etter sosialtenestelova. Helsetilsynets landsomfattande tilsyn viser lovbrøt i om lag 87 prosent av Nav-kontora det er ført tilsyn med.<sup>8</sup> Dette sjølv om styresmaktene etter Grunnlova § 104 andre ledd og barnekonvensjonen artikkel 3 har ei klar forplikting til å vurdere kva som er i barns beste interesse ved alle handlingar og avgjerder som berører barn. Det er òg klart føresett i sosialtenestelova at lova skal sikre kvar enkelt sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet, og at barn og unge skal kunne delta i alminnelege fritidsaktivitetar, uavhengig av om foreldra har ein vanskeleg økonomi.<sup>9</sup>

Barneombudet meiner det er viktig at handlingsplanen for auka deltaking tek tilstrekkeleg høgd for denne verkelegheitsbeskrivinga. Den bør etter vår vurdering innehalde målretta tiltak for korleis Nav-kontora i tenesteutøvinga si skal sikre at barn frå låginntektsfamiliar kan delta i kultur-, idretts- og friluftaktivitetar på lik linje med andre barn.

Ta gjerne kontakt for meir informasjon:

Inger Aasgaard, e-post: [inger.aasgaard@barneombudet.no](mailto:inger.aasgaard@barneombudet.no)

---

<sup>7</sup> Ekspertgruppen om barn i fattige familier (2023): «*En barndom for livet*» s. 12

<sup>8</sup> <https://www.helsetilsynet.no/tilsyn/tilsynsrapporter/?w=2022-2023+Nav-kontorene+%e2%80%93+ivareta+barn+ved+s%c3%b8knad+om+%c3%b8konomisk+st%c3%b8nad>

<sup>9</sup> R35-00, jf. sosialtjenesteloven § 1

Torggata 2-4,  
0181 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo